



Setesdalssamarbeid

Bygland, Evje og Hornnes,
Valle, Bykle og Åseral

Vår ref.:
2021/2-19

Sakshandsamar:
Rita Hansen

Dato
11.03.22

REFERAT MØTE ORDFØRARUTVAL 7. MARS 2022

Møtestad: Bykle hotell
Møtetidspunkt: 7. mars 2022, kl 0900 – 1200
Desse møtte: Sigbjørn Åge Fossdal, Bygland kommune
Steinar Kyrvestad, Valle kommune
Jon Rolf Næss, Bykle kommune
Svein Arne Haugen, Evje og Hornnes kommune
Inger Lise Lund Stulien, Åseral kommune
Rita Hansen, Setesdal IPR (referent)

Sak	Merknad	Ansvar /frist
1 - Godkjenning av referat frå førre møte Referat godkjent. Førebels held ein fram med å ha referat, møteplan osv på nettsida , og ikkje nytte den ordinære innsynsløysinga.		
2 – Leiars hjørne Møte vdr Fv42 Inger Lise og Steinar følger opp og avtaler fysisk møte med Margrethe Handeland, Jan Kristensen og Arnt Abrahamsen frå Listerrådet. Ordførarutvalet i Setesdal blir også invitert. Ose bru Ein held fram med påtrykk i aktuelle fora og møtearenaer. Sigbjørn inviterer Arne Thomassen, Bjørn Ropstad og Gro Bråten til eiga møte. Møte med kommunedirektørutvalet? Einige om å invitere kommunedirektørutvalet til mai-møtet. Rita informerer leiar av kommunedirektørutvalet om datoen. Avklarar tema og tidsramme i god tid før møtet.		

<p>Oppfølging - planlegging av Oslo-tur våren 2022</p> <p>Hovudfokus er aktuelle tema i Hurdalsplattformen samt ny distriktsmelding. 24. og 25. mars utgår på grunn av møtekollisjonar. Ein arbeidar vidare med alternative datoar. Steinar er i dialog med Gro Anita Mykjåland og Tellef Inge Mørland. Dei er kjent med aktuelle tema ein ønskjer å løfte og drøfte. Kjem tilbake med ny dato.</p>		
<p>Dialogmøte med fylkesutvalet</p> <p>Dei 4 regionråda på Agder var invitert til dialogmøte med fylkesutvalet 15. februar 2022. Steinar og Rita møtte for Setesdal IPR. Ein opplevde møtet som nyttig, og ein god arena for informasjon og dialog. Presentasjonen som vart nytta ligg ved.</p>	Sjå vedlegg	
<p>Høyring av endringar i domstolstruktur</p> <p>Sjå https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-av-endringer-i-domstolstruktur/id2898429/?expand=horingsbrev</p> <p>Samtale kring høyringa og prosessen.</p>		
<p>7 – Dagleg leiars hjørne</p> <p>Desentralisert barnehagelærarutdanning – arbeider med finansiering, Felles søknad frå Østre Agder, Lister og Setesdal sendt til fylkeskommunen og Sørlandets kompetansefond. .</p> <p>Om dialogmøte 23. mars – regional plan for Setesdal. Formell invitasjon og endeleg program for dagen sendes ut neste uke.</p> <p>Nasjonal turistveg – strategi</p> <p>Kort evaluering av Regionalt politiråd i februar, med vekt på tema som blei spilt inn frå regionen i forkant. Nyttige drøftingar, og god arena for dialog og informasjonsutveksling.</p>		
<p>Eventuelt</p> <p>Neste ordinære møte og bedriftsbesøk: 4. april i Valle.</p>		
<p>Møtet vart avrunda med bedriftsbesøk til Bykle Vindu: https://byklevindu.no</p>		

Med helsing
Setesdal interkommunalt politisk råd

Rita Hansen
dagleg leiar